

Debattinnlegg Billedkunst nr.7 2016

Eg takkar for eit velformulert svar på mitt innlegg frå Mona Phale Bjerke, eg vil gjerne få føye til litt.

Slik eg ser det, vil ei gruppeutstilling utan felles tema, reflektere mangfaldet og kompleksiteten i samfunnet i dag på ein heilt anna måte enn ei tematisk kuratert utstilling. Måten dialogar oppstår mellom objekt som i utgangspunktet ikkje ser ut til å høyre saman. Måten samfunnet som ei heilheit ikkje ser ting frå det same punkt, og heller ikkje nødvendigvis ser på dei same delane. Gjennom å flytte kompleksiteten i samfunnet inn i gallerirommet, kan me studere det som eit fenomen, og samstundes trekkje linjer mellom dei sameksisterande fysiske dialogane. Slik eg ser det, er det dette som er det samanbindande i utstillingar som Høstutstillingen. Og det er dette som gjer at dei konstant er aktuelle i si eksisterande form.

Eg trur kanskje problemet for somme når det gjeld Høstutstillingen si manglande kuratoriske styring, ligg i at dei søkjer ei ro i kunsten, som ikkje finst i den digitale verda ein eksisterer mesteparten av tida i. Kor den digitale forskyvinga av eksistensen gjer at dei fysiske romma me plasserer kroppen i blir tømde for innhald og skal stå att som eit rom for stillheit på grensa til nothingness. Somme søkjer denne stillheita i gallerirommet. Det bør ikkje bety at dette bør vera eit overordna mål for alle utstillingar. Kunst må ha lov til å krevje litt av sitt publikum, og ikkje påtvingast ein tydeleg identitet, som òg eksisterer som ein enkel tekst du fort kan lese gjennom for så å "forstå" alle verka. Verda er då verkeleg ikkje så enkel at mennesket ein dag vil forstå den basert på vår logikk og konstruerte reduksjonistiske system. Kompleksiteten og mangfaldet i verda me er ein del av, bør òg ha plass i kunsten.

Brynhild Winther,
debutant på Høstutstillingen